

Saksbehandlar: Tor-Einar Holvik Skinlo, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 19/1592-6

Vitensenter – fylkeskommunal bruk

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for opplæring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår ei treårig rammeavtale med Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS frå skuleåret 2020-21.
2. Fylkesrådmannen får mynde til forhandle fram innhaldet i rammeavtalen innanfor ei økonomisk ramme på inntil kr 500 000,- per år.
3. Endringar i driftsbudsjettet som følge av avtalen må innarbeidast i økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune.

Vedlegg:

1. Utkast til avtale med fylkeskommunen
2. Brev til hovudutval for opplæring
3. Forskningsrådet sine retningslinjer for fordeling av driftsmidlar til de regionale vitensentrene

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk i 2016 førespurnad om å ta del i eit forprosjekt for å utvikle eit vitensenter på Kaupanger. Initiativtakar var Kaupanger Næringsforening/Kaupus AS. I FU-sak 62/17, «Godkjenning av intensjonsavtale med Kaupus AS om Vitensenter i Sogn og Fjordane», vart det vedteke ein intensjonsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Kaupus AS. Avtalen legg til grunn at partane skal samarbeide om å realisere vitensenteret.

I sak 49/17 vedtok fylkestinget å teikne aksjar i «Vitensenteret Sogn og Fjordane AS». Føremålet med aksjeselskapet var å lage eit grunnlag for å etablere og drive eit vitensenter på Kaupanger. I forretningsplanen vert det vist til at hovudmålgruppa er barnehagar og skular, samt at ein forventar besøkande frå ålmenta og reiselivet. Senteret skal vere forankra i Norsk Forskningsråd sitt Vitensenterprogram. Det skal vere eit populærvitenskapleg opplevings- og læringscenter innanfor naturvitenskap, matematikk og teknologi, der dei besøkande lærer ved å eksperimentere sjølve. I saksutgreiinga peika fylkesrådmannen på at etableringa av eit vitensenter på Kaupanger vil ha positive ringverknader for regionen, og for heile fylket.

I sak 7/18 vedtok fylkesutvalet å godta vedtektene til Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Med 1/3 av aksjane er fylkeskommunen den klart største aksjonæren i selskapet.

I sak 15/19 vedtok fylkestinget utbygging av Sogndal vidaregåande skule avd. Kaupanger med utleigedel. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å slutføre tingingar og inngå leigeavtale med Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS.

Fylkesrådmannen har tidlegare peika på at ei felles satsing og eit slikt bygg gjev rom for:

- nye meir tenlege lokale og utandørs areal for den vidaregåande opplæringa
- eit vitensenter for utdanningsinstitusjonar, næringslivet og ålmenta
- eit samlingspunkt for næringsliv, kompetansedeling og innovasjonsarbeid.

Søknad

10. mai 2019 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune ved hovudutval for opplæring søknad om rammeavtale om bruk av «Vitemeir – Vitensenter i Sogn og Fjordane».

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkestinget har vore positive til å få etablert eit vitensenter på Kaupanger og fylkeskommunen har vore ein aktiv bidragsytar i å få senteret etablert. Ein har ambisjonar om at ViteMeir vil opne skuleåret 2020-21. Det skal vere eit populærvitskapeleg opplevings- og læringsssenter innanfor matematikk, naturvitskap og teknologi, der dei besøkande lærer ved å eksperimentere sjølve. Senteret vil ha kompetanse i interaktiv formidling og vere ein ressurs innanfor barnehage-, lærar- og dei teknisk-naturvitskapeleg utdanningane.

Ein føresetnad for å kunne realisere prosjektet er at ein får statleg støtte til drift av senteret gjennom «Vitensenterprogrammet». Det er forskingsrådet som administrer retningslinene for fordeling av driftsmidlar til dei regionale vitensentera.

Per 1.1. 2018 er det ti regionale vitensenter; Porsgrunn, Sarpsborg, Jæren, Tromsø, Oslo, Bergen, Trondheim, Gjøvik, Arendal og Ås. Desse blei samla tildelt 67,1 mill. kroner for 2019. I retningslinjene for tildeling er det m.a. stilt krav om:

Virksomheten skal kunne dokumentere en sunn driftsøkonomi, herunder økonomisk støtte både fra regionale offentlige myndigheter (fylkeskommune/kommuner) og lokalt/regionalt næringsliv.

*Et regionalt vitensenter forventes å ha **driftsregnskap i balanse**. Av senterets **totale** inntekt bør:*

- *Maksimum 35 % dekkes av KD (Forskningsrådet)*
- *Minimum 20 % dekkes av fylkeskommune/kommune*

Vitensenteret «vårt» vil ha eit årleg driftsbudsjett på vel 13 mill. kr, med slik kostnadsfordeling:

Kostnader	mnok
Vareforbruk	0,5
Personalkostnader	6,0
Husleige	2,5
Utviklingskostnad	1,0
Driftskostnad/avskrivning	3,0
SUM	13,0
DRIFTSRESULTAT	0,2

Inntektene vil fordele seg slik:

Inntekter	mnok
Salsinntekter fritid/anna	1,5
Statleg finansiering	4,2
Offentleg tilskot/bruk	3,5
Sponsorinntekter	3,0
Gåver (næring/stiftingar)	1,0
SUM	13,2

Per 10. mai er det inngått avtalar med Nye Sogndal kommune (1 mill. kr årleg) og Luster kommune (0,29 mill. kr årleg). Det vert i tillegg arbeidd med avtalar med andre kommunar i fylket i storleiken 0,15-0,3 mill. kr årleg (pr. kommune).

For å møte kravet i retningslinene for tildeling av midlar til dei regionale vitensentera er det p.t. ei underdekning på 1,35 mill. kr. Budsjetta til andre vitensenter viser at det er vanleg med støtte frå kommunar og fylkeskommunar monaleg ut over 20 % (av driftskostnadane). Hordaland fylkeskommune har ei partnerskapsavtale med Bergen Vitensenter, med årleg partnerskapsbidrag på 3 mill. kr. I tillegg har Hordaland fylkeskommune er ramme for kjøp av tilgang og læringsprogram på 0,4 mill. kr i 2019.

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir) ønskjer å inngå ein rammeavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune. I rammeavtalen får dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fri tilgang til læringsprogram i ViteMeir og mobilt læringstilbod tilsvarande 38 dagars bruk i året. For dette vil fylkeskommune betaler 0,5 mill. kr årleg. Avtalen har ein varigheit på tre år.

Vurdering

Fylkesrådmannen si vurdering at ei rammeavtale med kjøp av tenester frå fylkeskommunen er ein føresetnad for å kunne realisere vitensenteret i samsvar med tidlegare vedtak i fylkestinget. Ein signert rammeavtale med fylkeskommunen på noverande tidspunkt er ein føresetnad for statleg støtte i storleiksorden 4,2 mill. kr årleg frå 2021.

Rammeavtalar med kommunar og fylkeskommune må vere på plass innan Vitensenteret Sogn og Fjordane søker forskingsrådet om driftsmidlar. Søknad om regional godkjenning må vere sendt innan 15. oktober 2019. Det er difor fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune som må handsame søknaden, sjølv om rammeavtalen først vert gjeldande i Vestland fylkeskommune.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at dette kan vere positivt for dei vidaregåande skulane sine høve til tilby relevant og oppdatert undervisning i matematikk, naturfag og teknologifaga. Samstundes er avtalen som er framlagt ikkje klar nok på kva fylkeskommunen skal få av faktiske tenester. Dette gjeld m.a. forholdet mellom kva som skal skje på ViteMeir på Kaupanger og kva som blir tilbydd av mobile tenester på den enkelte vidaregåande skule. Fylkesrådmannen ser det som ønskjeleg med ei rammeavtale som klarare regulerer dette forholdet. I lys av dette ber fylkesrådmannen om fullmakt til å kunne forhandle fram innhaldet i avtalen innanfor den økonomiske ramma som fylkestinget vedtek.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Den økonomiske konsekvensen av avtalen er sett til årleg 0,5 mill. kr i perioden 2021-2023. For 2020 vil det vere ein halvtårsverknad på 45 %, dvs. 0,225 mill. kr. Dette må prioriterast og innarbeidast i økonomiplanen til Vestland fylkeskommune.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at ein 3-årig rammeavtale med Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS frå skuleåret 2020-21. Fylkesrådmannen får mynde til forhandle fram innhaldet i rammeavtalen med Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS innanfor ei ramme på inntil kr 500 000,-/år. Endringar i driftsbudsjettet som følge av avtalen må innarbeidast i økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune.